

Radøy kommune

Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
014/2018	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	PS	10.09.2018

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Arthur Kleiveland	18/1479	18/12667

Budsjett 2019 - innspel frå råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Saksopplysingar:

Bakgrunn

Arbeidet med budsjett for 2019 i Radøy kommune er i startfasen. Dette er det siste budsjettet som skal vedtakast i Radøy kommune si historie. Budsjettet for 2020 er det dei folkevalde i Alver kommune som skal godkjenna.

Det er tradisjon at råd for menneske med nedsett funksjonsevne kjem med innspel til neste års budsjett. No vert dei inviterte til å koma med sine prioriteringar før prosessen er kome skikkeleg i gang, og rådet kan på den måten vera i forkant av budsjettarbeidet.

Økonomiplanen for 2019-22 vart vedteken av kommunestyret i møte 22. juni 2018. Økonomiplanen er retningsgjevande for budsjettarbeidet for 2019.

Statsbudsjettet vert lagt fram 8. oktober, med endelege rammer for frie inntekter. Statsbudsjettet legg føringar for budsjettprosessen vidare også i kommunen.

Etter planen skal endeleg budsjettframlegg vera klart 24. oktober, og formannskapet har sitt første budsjettmøte 8. november. På formannskapet sitt møte 22. november legg formannskapet sitt budsjettframlegg ut til høyring, innan fristen på 14 dagar før kommunestyret skal gjera endeleg vedtak om 2019-budsjettet.

Framlegg til vedtak:

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne kjem med følgjande innspel til budsjettet for 2019:

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne - 014/2018

RMNF - handsaming:

Økonomisjef Sveinung Kvamme orienterte om økonomiplan 2019-2022, som kommunestyret tidlegare i år har vedteke. Han gjorde merksam på at tala for 2020-22 er "tenkte tal". der ein ser på kva Radøy kommune ville hatt av inntekter og kostnader om me held fram som eigen kommune. Økonomisjefen sa at fellesnemnda for Alver har lagt føringar for kommunane sitt arbeid med budsjett. Han peika på at det frå 2020 vil skje endringa med uviss verknad for inntektssystemet. Det gjeld mellom anna innlemming av øyremerka tilskot til ressurskrevjande brukarar, ny distriktsindeks, innlemming av øyremerka tilskot til lætarnorm, og nye kriterier og vekting knytt til tenester inann rus, psykiatri og psykisk utviklingshemma.

Økonomisjefen viste til auka kostnader mellom anna til høgare rente- og avdragsnivå, pedagog- og bemanningsnorm, og auke knytt til ressurskrevjande tenester. Han konstaterte at det vil vera trong for innsparing kvart år frå 2020, totalt om lag 23 mill. i perioden 2020-22 for å ha eit akseptabelt økonomisk resultat, noko som vil tilsvare ca 35 årsverk.

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne drøfta aktuelle innspel til budsjett for 2019.

Det vart peika på følgjande:

- Det er behov for større plass til rullestol-brukarar i garderobane for terapibassenget. I dag er det veldig trangt når det er fleire rullestolbrukarar samtidig, slik situasjonen faktisk er. Difor er det viktig å få betre tilkomst og utvida garderobeforhold for denne gruppa. Det kan t.d. vera ei løysing å laga ny garderobe i området ved basseng-terrasse.

- Det er også viktig å få på plass heis i terapibassenget - slik at rullestolbrukarar kan vera sjølvhjelpen med å koma seg i - og opp av bassenget utan å vera avhenging av hjelp.

- Rådet ber også om at det vert sett fortgang i arbeidet med å få på plass baderampe for rullestolbrukarar ved Nesvatnet.

- Rådet ser klart behov for betre P-forhold for funksjonshemma ved legesenteret på Manger.

Rådet slutta seg til innspel som vart sett fram i møtet.

RMNF - vedtak:

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne kjem med følgjande innspel til 2019-budsjettet:

- Det er behov for større plass til rullestol-brukarar i garderobane for terapibassenget. I dag er det veldig trangt når det er fleire rullestolbrukarar samtidig, slik situasjonen faktisk er. Difor er det viktig å få betre tilkomst og utvida garderobeforhold for denne gruppa. Det kan t.d. vera ei løysing å laga ny garderobe i området ved basseng-terrasse.

- Det er også viktig å få på plass heis i terapibassenget - slik at rullestolbrukarar kan vera sjølvhjelpen med å koma seg i - og opp av bassenget utan å vera avhenging av hjelp.

- Rådet ber også om at det vert sett fortgang i arbeidet med å få på plass baderampe for rullestolbrukarar ved Nesvatnet.

- Rådet ser klart behov for betre P-forhold for funksjonshemma ved legesenteret på Manger.

Vedlegg:

Økonomiplan 2019-22 - handsaming i kommunestyret 21. juni 2018

Økonomiplan 2019-22